



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 23/02661-6
Saksbehandler Torgeir Marvin Utgård

Utval
Formannskapet

Møtedato

Utvalsak

Paragraf

Forskrift om gebyr etter plan- og bygningslova, eigarseksjonslova, matrikkellova, jordlova og konsesjonslova, Vestnes kommune, Møre og Romsdal

Kommunedirektøren si innstilling:

- Vestnes formannskap vedtek, med heimel i forvaltninslova § 37 å sende forslag til forskrift for gebyrregulativ i Vestnes kommune på høyring.
Høyringsperioden vert sett til 6 veker.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Forskrift om gebyr etter plan- og bygningslova, eigarseksjonslova, matrikkellova og jordlova, er utarbeida etter anbefaling om forbetring frå revisjonen.

«Kommunestyret handsama i møte 05.10.23 sak 24-23 Rapport frå forenkla etterlevingskontroll 2022 – «Etterleving av reglane for sjølvkost for gebyr for plan-og byggesakshandsaming, oppmåling og matrikkelføring og eigarseksjonering», vert teken til orientering. Revisjonen sin rapport viser at Vestnes kommune har etterlevd det som vart kontrollert.

Det er registrert følgjande forbettingsområde som ein forventar blir retta opp av Kommunedirektøren:

1. *For å kreve inn gebyr for plan - og byggesakshandsaming, oppmåling og matrikkelføring og eigarseksjonering, må kommunen vedta ei forskrift som sikrar heimel for kommunen sitt gebyrregulativ.*
2. *Kommunestyret ber Kontrollutvalet følge opp at kommunedirektøren rettar opp i dette tilhøvet. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om eit skriftleg svar til neste møte på status i saka om å vedta ei Forskrift som sikrar heimel for kommunen sitt gebyrregulativ».*

Om forskriften – innhold og formkrav

Forslag til forskrift for gebyrregulativ i Vestnes kommune er utarbeida med heimel i kommunelova § 15-1 og i samsvar med plan- og bygningslova, eigarskapslova, matrikkellova og jordlova.

Det følger av plan- og bygningsloven (tbl.) § 33-1 første ledd at kommunen kan gi forskrift om gebyr for arbeid som det påhviler kommunen å utføre etter loven eller forskrift. Forsriften er en forutsetning for å kreve gebyrer.

Kommunestyret har vedtatt «gebyrregulativ» saman med gebyrtabell for 2024 den 19.12.2023.

Det er i forarbeidene til plan og bygningsloven anbefalt at kommunen bør bruke betegnelsen *gebyrforskrift, for å tydeliggjøre at det er tale om rettslig bindende bestemmelser (veileder frå kommunal og moderniserings Dep.*

Vurdering:

Ein endring frå eit gebyrregulativ til ei forskrift vil gjere det tydelegare at det er tale om rettsleg bindande føresegner. Forskrifta skal innehalde dei formkrava som er definerte i forvaltningslova §38.

Forslaget til forskrift har omlag det same innhaldet som gebyrregulativet vedteke i kommunestyret 19.12.2023. Den største endringa er at §23 frå gjeldande gebyrregulativ er teken ut og er ikkje ein del av forskrifta. Dette punktet er teke vare på av "Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket, Vestnes kommune, Møre og Romsdal", som treidde i kraft 01.01.2023. (Vedtak i kommunestyret PS-91/22 - 04.11.2022).

Med bakgrunn i kommunestyret si bestilling, samt råd frå kontrollutvalet om endring av "gebyrregulativet" til "forskrift om gebyr", legg kommunedirektøren fram forslag til forskrift.

Kommunedirektøren vil føreslå å sende Forskrift om gebyr etter plan- og bygningslova, eigarseksjonslova, matrikkellova og jordlova på høyring.

Særutskrift:

Vedlegg.

Forslag til lokal forskrift
Veileder